



Elizabeth Warren
Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/653 - 15/2511

Saksbehandlar:
Eirik Bouwer Utne
eirik.utne@meland.kommune.no

Dato:
11.02.2015

Søknad om tilskot i 2015 til utarbeiding av kulturminneplan for Meland kommune 2016-2021

Vi viser til invitasjon i brev dagsett 8.1.2015 frå Kultur- og idrettsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune om invitasjon til samarbeid i 2015 og utlysing av midlar. Vi ønskjer å fortsette det gode samarbeidet og søker med dette brev om kr 100 000 i tilskot til utarbeiding av kulturminneplan.

Meland kommune ved tenesteområde kultur søkte i 2014 om utlyste midlar – totalt kr 200 000 – til registreringar, kartlegging og utarbeiding av kulturminneplan og fekk tilslag på kr 100 000 til kulturminneregistrering i brev dagsett den 20.6.2014.

Meland kommune ved tenesteområde kultur starta i 2014 arbeidet med *Kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021*. Utarbeiding av kulturminneplan for Meland er festa i samfunnsdelen av *Kommuneplan for Meland kommune 2014–2025* og *Planstrategi for Meland kommune 2014–2016*.

Vedtak om oppstart av plan blei gjort av Utval for levekår den 3.6.2014, og framlegg til planprogram skal til politisk handsaming i utvalet i møte den 17.2.2015.

Planprogrammet skal etter politisk handsaming på høyring i seks veker og legg mellom anna fram arbeidsopplegget og framdriftsplan for planarbeidet. Vi vil òg vise til det dokumentet, når det eventuelt kjem på høyring, som bakgrunn for søknaden.

Registreringsarbeidet skal i hovudsak utførast av frivillige ved Meland sogelag, Holsnøy kystlag og andre enkeltpersonar knytt til desse laga. Dette arbeidet blei starta hausten 2014. Digitalisering av eksisterande registreringar er i gang og utførast av tenesteområde kultur og eit lokalt firma når det gjeld historiske bilde.

Økonomiplan:

Det er til no brukt kr 43 000 til registreringsarbeidet. Midlane har gått til diverse utstyr, reise, kurs og

kostnader til digitalisering. Kostnader for 2015 vil i hovudsak vere utgifter i samband med registreringar, digitalisering og vidare utarbeiding av plan. Kostnader for 2016 vil vere for kvalitetssikring, digitalisering og utarbeiding av plan.

	Midlar 2014	Brukt 2014	Midlar 2015	Brukt 2015
Eigne midlar	50 000		50 000	
Tilskot 2014	100 000		57 000	
Tilskot 2015			100 000	
		-43 000		
Totalt	150 000		207 000	

Framdriftsplan:

Framdriftsplanen er henta frå framlegg til planprogram for kulturminneplanen.

Tid	Kva	Ansvar
Februar 2015	Vedtak om utsending av planprogram på høyring	Utval for levekår
Februar – april 2015	Høyring seks veker	
Mai 2015	Vedtak av planprogram	Utval for levekår
Vår 2015 – sommar 2016	Registrering, kvalitetssikring, digitalisering og kartlegging	Tenesteområde kultur, arbeidsgruppa, frivillige
Haust 2015	Grendamøte rundt i kommunen	Tenesteområde kultur, arbeidsgruppa, frivillige
Januar 2016 – juni 2016	Vurderingar av kulturminne, utarbeiding av planutkast	Tenesteområde kultur, arbeidsgruppa
September 2016	Planutkast til høyring	Utval for levekår
November – desember 2016	Politisk handsaming og vedtak	Utval for levekår, kommunestyret

Vi håpar på positivt svar og ser fram til vidare godt samarbeid for å styrke det lokale kulturminnevernet.

Med helsing

Bente Bing Kleiva
leiar kultur

Eirik Bouwer Utne
kulturkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Elizabeth Warren

Hordaland
fylkeskommune

5020

BERGEN